



**Ingen er frie
før alle er frie**

Styrk skeive sine rettar

Raudt ønskjer at alle menneskje skal kunne leva eit fritt liv. Det fordrar at me utvidar samfunnet sine normer for kjønn og seksualitet.

Ingen menneskje skal risikere å bli diskriminerte, trakasserte eller utsette for vald for å bryte med samfunnet sine mønster for kjønn og seksualitet. Trass framgangen i kampen for rettar er det framleis fordommar mot personar som ikkje fylgjer tradisjonelle kjønns- rolle-mønster. For mange fører dette til at dei vel å skjule kjønn eller seksualitet i frykt for å bli utstøtt. Dette er eit stort helseproblem. Skule og arbeidsliv er viktige arenaar for å spreie informasjon og kunnskap, slik at alle kan leve trygt og ope, uavhengig av seksualitet og kjønnsuttrykk..

RAUDT JOBBER FOR:

- Helsestasjon for kjønn og seksualitet (HKS), skal vere modellen for korleis vi behandlar transhelse i Noreg. Raudt skal jobbe for at det blir oppretta ein HKS i alle store norske byar.
- Ha ein tredje kjønnskategori der alle kan angi sitt eige kjønn.
- At alle som har vorte tvinga til å kastrere seg for å få endra juridisk kjønn før lovendringa i 2016, skal ha rett på erstatning.
- At barn som har fleire enn to foreldre skal sikrast juridiske rettar til alle foreldre.
- Høgne kompetansen om seksualitet og kjønnsidentitet hos UDI og UNE ved intervju av flyktningar som søker på bakgrunn av seksuell orientering eller kjønnsidentitet, og setje krav om slik kompetanse ved alle statlege asylmottak.
- At skuletilsette skal vere med og bidra til openheit og kunnskap om kjønnsroller gjennom aktivt haldningsendrande arbeid slik at alle barn kan vekse opp med tryggleik og fridom til å ta sine eigne val.